


Utdannings- og forskningsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO



Høyringsfråsegn til NOU om ny lov om universitet og høøgskolar

NOVA – Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring - er invitert til å gje høyringsfråsegn om Ryssdals-utvalets innstilling NOU 2003:25 *Ny lov om universiteter og høøgskolar*. NOVA er eit forskingsinstitutt organisert som eit statleg forvaltningsorgan med særskilde fullmakter, administrativt underlagt Utdannings- og forskningsdepartementet. Vi ønskjer å uttale oss berre om nokre sentrale punkt, der vi meiner at våre erfaringer også kan vere relevante for organisering og styring av universitet og høøgskolar.

NOVA har gode røynsler med organiseringa som statleg forvaltningsorgan. Vi har ikkje opplevd at Undervisnings- og forskningsdepartementet har utøvd sin instruksjonsrett på ein måte som er i strid med den frie stillinga vi som forskingsinstitutt ønskjer å ha. Vi opplever og at vi har tilstrekkeleg handlingsrom til å gjere dei strategiske og organisatoriske grepa som vi finn naudsynte. Vi kan ikkje sjå at tilhøva er vesentleg annleis for dei høgre undervisningsinstitusjonane. Etter vår oppfatning har ikkje Ryssdalutvalget sitt fleirtal lagt fram gode nok argument for endringar når det gjeld tilknytningsforma for universiteta og høøgskolane. På dette punktet støtter vi mindretalet sitt syn.


Styret for NOVA er oppnevnt av Departementet, og berre to av åtte medlemmer kjem fra instituttet. Dei andre medlemmene kjem dels frå forskingsinstitusjonar, dels frå fagfelt som står sentralt i NOVA si forskingsverksemd (helse- og sosialsektorane). Denne ordninga har vi gode røynsler med. Den har legitimitet, og styret har vore i stand til å arbeide langsiktig og strategisk for utviklinga av verksemda ved NOVA. Den daglege drifta og det faglege ansvaret, som krev meir innsyn i organisasjonen, har styret overlata til leiinga ved instituttet. Vi ser det slik at liknende ordningar og kan fungere godt for universitet og høøgskolar. Forutsetninga må vere at styret vert sett saman av personar med høg kompetanse når det gjeld forskning og undervisning på sentrale fagfelt. Styret bør oppnemnast av Departementet.

Ved NOVA er direktøren åremålstilsett. Det same gjeld forskingsleiarane. Denne ordninga har legitimitet og fungerer godt. Også innenfor forskingsverksemd er det i mange høve lettare å utøve leiarskap når mandatet er gjeve ovanfrå, og ikkje nedanfrå. Dette gjeld særleg i høve

til personalpolitiske spørsmål, slik som kompetanseutvikling. Leiarskap med autoritet gjer det og lettare å få til ei god arbeidsdeling og å arbeide på en målmedvite måte med strategiske spørsmål. Vi ser ikkje nokon grunn til at situasjonen skal bli vesentleg annleis om ein innfører ei ordning med tilsette faglege leiarar i universitets- og høgskolesektoren. Det er i det minste ikkje noko å tape på å prøve ut slike ordningar.

Vi meiner elles at det er viktig å finne fram til former for organisering, styring og leiing som har brei oppslutning i dei aktuelle institusjonane.

Med vennlig hilsen



Magnus Rindal

Direktør